



Årsmelding

for

Osterøy Idrottslag

2024

Hovudstyret 2024

Styret fram til ekstraordinært årsmøte i mai 2024

Funksjon	Namn	År
Leiar	Ragnhild Balsvik	2023
Nestleiar	Jarle Vik	2022-2023
Sekretær	Mats-Eirik Elvik	2023-2024
Controllar	Guro Kjelvik Vevele	2023-2024
Styremedlem	Thomas Mosevoll	2022-2023
Varamedlem	Elin Kleppe	2023
Varamedlem	Fredrik Evensen	2023

Styret vald på ekstraordinært årsmøte i juni 2024

Funksjon	Namn	År
Leiar	Ragnhild Balsvik	2024
Nestleiar	Mats-Eirik Elvik	2023-2024
Sekretær	Joachim Borge Solberg	2024-2025
Controllar	Guro Kjelvik Vevele	2023-2024
Styremedlem	Solveig Simmenes	2024
Varamedlem	Elin Kleppe	2024
Varamedlem	Fredrik Evensen	2024

Styremøter

Det er halde 9 styremøte totalt i 2024, og 3 styremøte i 2025 fram til årsmøtet i mars 2025. I tillegg har styret hatt 2 møter med kontrollutvalet i 2024. Årsmøtet i 2024 vart arrangert i mars, men valnemnda hadde ikkje funne kandidatar til styret, og det vart dermed arrangert ekstraordinært årsmøte i slutten av mai. Heller ikkje ved ekstraordinært årsmøte hadde det lukkast valnemnda å finne ein kandidat til ny leiar av styret. Ragnhild Balsvik måtte difor ta attval som leiar av styret.

Styret sitt arbeid

Styret har i perioden sidan årsmøtet 2024 og fram til årsmøtet i 2025 blant anna arbeidd med følgjande saker:

- Rydding på nettsidene til Osterøy IL.
- Kontinuerleg oppfølging av arbeidet med politiattestar for trenarar i OIL. Pr. 17.02.2025, har 100 av dei 101 registrerte trenarane i OIL levert politiattest. Den som ikkje har levert politiattest er nyleg blitt registrert som trenarar og er i gong med prosessen med å få politiattest.
- Gjennomført fellesmøte med gruppene i november der tema m.a. var arkivering, idrettens sharepoint-løysing, trenarattestar og oppdatering av laget si internettside.

- Styret har jobba vidare med rutinar og regler for bruk, tilgang og sikkerheit ved Osterøy IL sine anlegg. Det er gjennomført vernerunde på alle tre anlegga i løpet av 2024.
- Hausten 2023 vart det oppretta ei gruppe som har fått i oppdrag å kome med framlegg til korleis grusbana ved Osterøyhallen kan utviklast til ein betre arena for idrett og aktivitet enn slik den framstår i dag: i stor grad ubrukt. Det har vore arbeidd vidare med dette i løpet av 2024. HtB har teikna skisse, og ein har begynt arbeidet med å søkje finansiering. Planar og skisse er ikkje oversendt kommunen, men OIL har hatt eit møte med kommunen om planane.
- Inngått nye avtaler med Osterøy Aktiv om ansvarsforhold for tribuna på kunstgrasbana og leigeavtale for lager og møterom i Osterøyhallen.

Økonomi

Laget sin økonomi vert vurdert av styret som god, trass låneforpliktingar. Fugledalen, lån frå 2008 og ATV for skigruppa. Lån for rehabilitering av Fugledalen i 2023 vart innløyst i 2024 og me reknar med å motta delutbetaling spelemidlar i 2025. Driftsinntektene i 2024 var om lag på same nivå som i 2023. Rekneskapan for 2024 viser eit underskot på i overkant av kr 2 000 000. Den aller viktigaste grunnen er innløysinga av lånet frå 2023.

Det er gjennomgåande god økonomistyring og likviditet for gruppene ved utgangen av 2024. Sjå rekneskapan for 2024 i eige dokument.

Medlemstal

Registrerte medlemsskap 2024 (eit medlem kan inngå i fleire grupper):

Org navn	K	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Tota l	K	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Tot	Tot
Osterøy Idrottslag	K	38	198	102	26	58	422	M	13	120	99	38	136	406	828
Org navn	K	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Tota l	Kj	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Tot	Tot
Langrenn	K	1	9	8	3	10	31	M	0	7	7	4	31	49	80
Fotball	K	0	43	59	10	15	127	M	0	76	79	30	53	238	365
Friidrett	K	0	12	8	4	19	43	M	0	17	17	6	64	104	147
Orientering	K	0	0	0	0	1	1	M	0	0	1	1	1	3	4
Håndball	K	0	36	22	12	13	83	M	0	19	3	0	3	25	108
Turn	K	37	145	17	1	10	210	M	13	13	0	0	2	28	238
Basketball	K	0	0	0	0	0	0	M	0	12	0	0	2	14	14

Betalande medlemmar 2024:

Org navn	Kj.	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Tota l	Kj.	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26	Tot	Tot/org
Osterøy IL	K	35	169	69	24	48	345	M	12	107	77	32	117	345	690

Org navn	Kjøn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 - 31	Total	Kjøn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 - 31	Total	Total org
Langrenn	K	1	7	7	3	9	27	M	0	7	7	4	27	45	72
Fotball	K	0	38	37	9	13	97	M	0	71	62	25	46	204	301
Friidrett	K	0	11	6	3	18	38	M	0	16	12	5	57	90	128
Orientering	K	0	0	0	0	1	1	M	0	0	1	1	1	3	4
Håndball	K	0	34	18	11	9	72	M	0	17	2	0	3	22	94
Turn	K	34	125	13	1	8	181	M	12	9	0	0	1	22	203
Basketball	K	0	0	0	0	0	0	M	0	11	0	0	1	12	12

Medlemsutvikling

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Kvinne	321	326	291	318	281	311	318	307	270	331	345
Menn	359	373	359	339	330	332	333	322	306	332	345
Totalt	680	699	650	657	611	643	651	629	576	663	690

Frå 2022 har ein for fullt tatt i bruk medlemssystemet Klubbadmin og det gir oss litt anna statistikk enn det me har hatt før. Til og med 2021 representerte medlemstala alle fakturerte medlemsskap, men ikkje nødvendigvis betalte. I tala frå og med 2022 ligg det berre dei som faktisk har innbetalt medlemsskapet sitt. Det har vore ei sær s g ledeleg medlemsutvikling frå 2022!

Ansvareg for medlemsregisteret er dagleg leiar, men Randi Kleppe gjer framleis ein svært viktig jobb med mykje av det daglege vedlikehaldet.

Anlegg

Osterøy IL brukar følgjande anlegg til idrettsaktivitet:

- Kunstgrasbane i Fugledalen, eigd og drifta av Osterøy IL. Det søkt om 2,8 mill i spelemidlar for rehabiliteringa som vart gjort i 2023. Det er håp om ei delutbetaling av spelemidlar i 2025. Låneopptaket som ved utgongen av 2023 var på 2 millionar vart innløyst i 2024.
- Osterøyhallen: kommunal idrettshall der OIL leiger hallkapasitet. Det har ikkje vore ledig kapasitet i hallen på fleire år, noko som gjer at fleire av gruppene ikkje har moglegheit til å utvide treningstidene til sine lag og grupper inne i hallen.
- Idrettsanlegget på Hatland med friidrettsbane og grasbane, kommunalt anlegg drifta av Osterøy IL.
- Lysløype på Rolland: anlegget ligg på privat grunn med bruksavtale mellom grunneigar og OIL. Drift og vedlikehald i regi av skigruppa. Skigruppa kjøpte ny traktor til preparering av lysløypa i 2024, med delfinansiering frå Sparebanken Vest. Det var lynnedslag i juni som gjorde skader på elektrisk anlegg i skihytta og på fleire lysstolper i lysløypa. Det er etablert ny parkeringsplass på "riktig" side av vegen i forhold til lysløypa.

For vedlikehald av grasbana, friidrettsbana og kunstgrasbana gjennomført i 2024, sjå rapport frå banenemnda nedanfor.

I tillegg har OIL eit klubbhus på Osterøy stadion, her vart det gjennomført oppussing i 2022. I 2024 vart bygget vaska utvendig.

Osterøy kommune la fram ei sak med eigarskapsmelding for idrettsanlegg. Kommunen føreslo at idrettslaga skulle ta over eierskap av anlegg. Dette skapte stort engasjement og politisk debatt. Herradstyret vedtok i 2025 å sende saka tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing, spesielt med tanke på økonomiske konsekvensar.

Æresmedlem

Desse er æresmedlem i OIL pr 20.03.2025:

	Fødd:	Utnemnd:
Karl Johan Reigstad	13.08.1944	2011
Øyvind Litland	21.03.1947	2011
Marta Ingunn Rongved	09.02.1932	2017
Vidar Simmenes	19.04.1948	2018
Jørgen Varden	03.05.1942	2017
Øivind Aasheim	29.03.1948	2023
Bernt Johan Flæsland	02.02.1948	2023

Rapport frå Banenemnda 2024

Banenemnda sitt oppdrag er å halda Osterøy stadion og kunstgrasbana ved Osterøy stadion i så god stand som mogeleg ut frå dei midlar som er stilt til rådvelde. Idrettsrådet fordelte tilskot stort kr 230 000,- frå Osterøy kommune og dette er eit heilt avgjerande bidrag for å få drifta anlegget.

Grasbana:

- Robotklippar (Gåve frå LOBAS i 2022) har framleis fungert bra, med nokre unntak.
- Klipparen er på årleg service
- Det har vorte bytta knivar fleire gongar på klipparen
- Vatningsanlegget fungerer, men det er nokre spreiarar som ikkje fungerer automatisk, desse må opnast manuelt. Dette bør etter kvart ordnast.
- Den langtidsverkande gjødinga som ein nyttar på grasbana gir god effekt, men ein må ofte supplera med ordinær kunstgjødning i starten på sesongen.
- Bana har blitt lufta ein gong om våren og ein gong om hausten samt den er resådd ein gong.
- På slutten av sesongen vart røyra til vatningsanlegget blåst tom for vatn etter lån av kompressor hjå Hansen & Eknes.
- Det var eit år med tidvis svært mykje nedbør og det hindrar optimal bruk.

Friidrettsdelen:

- Etter mykje arbeid fekk ein “endeleg” tak i eit firma frå Rogaland som vaska friidrettsbana. Arbeidet var nokolunde tilfredsstillande utført, men noko måtte takast att. Dreneringa blei heller ikkje betra så mykje som håpa. Til neste år håpar me det er råd leiga utstyr frå Bergen kommune til dette arbeidet.
- Kantklipping langs sarg og i kast og hoppområda vert gjort med den bensindrivne klipparen.
- Det er ein god del groe langs sargkant. Dette er i noko grad reinska vekk for hand, men her må det til salting m.m. for å halda groe og ugras i sjakk.
- På sikt er det ønskje om at det vert bygd ein tett lagerdel under terrassen slik at vinterlagringa av utstyr vert betre.
- Inne i lagerdelen er det til dels overfylt og behov for betre orden.

Kunstgrasbane ved Osterøy stadion:

- Det nye dekket som vart opna husten 2023 har fungert godt gjennom sesongen og det vert gitt gode tilbakemeldingar på speleegenskapane.
- Vinteren 23/24 var særskild kald og dette fekk store konsekvensar for bana som fraus og den kunne såleis ikkje brukast. Salting hadde ikkje hatt nemneverdig effekt.
- Det vart arbeidd vidare med vatningsanlegget, men desseverre rakk ein ikkje å få dette ferdigstilt i 2024, men det er truleg at dette skjer våren 2025.
- Bana har blitt regelmessig horva og brøytta ved behov av eit særskild påpasseleg banemannskap.

Rapport om Basketballaktivitet

Basketballaktiviteten hadde ein ganske stabil gjeng på litt over 10 spelarar i alderen 9-12 år som trente jamleg i hallen 2 ettermiddagar i veka våren 2024. Laget hadde stor sportsleg framgang. Trenaren med hovudansvar for treningane har engasjert seg i ein større basketballklubb i Bergen, og basketballgruppa vart dessverre nedlagt frå hausten 2024



Årsmelding

for

Skigruppa
Osterøy Idrettslag

2024

Styret 2024

Leiar:	Johnny Mostraum	Valgt for 2024
Nestleiar:	Åge Myking	Valgt for 2023 - 2024
Kasserar:	Bernt Johan Flæsland	Valgt for 2024
Skrivar:	Grethe Nerdalen Fjellskålnes	Valgt for 2024 - 2025
Styremedlem:	Ståle Daltveit	Valgt for 2024 - 2025
Styremedlem:	Kjersti Brattabø	Valgt for 2024 - 2025
Styremedlem:	Glenn Vik	Valgt for 2024 - 2025
Varamedlem:	Anders Flæsland	Valgt for 2024

Valkomite: Elisabeth Ødegård, Lars Braaten Reigstad og Karoline Hestnes

Styrets arbeid

- I vår hadde Skigruppa dugnad på Barnehagen i Fotlandsvåg for Osterøy Kommune. Eit par strøk maling, samt diverse vedlikehaldsarbeid vart utført. Til saman fekk me inn ca 100.000 kroner. Det var ikkje vanskeleg å få folk til å stilla, så fantastisk bra dugnadsinnsats!
- I november vart skibasaren arrangert i ungdomshuset på Grønnskaret. Det var full sal under basaren og me var tidleg utsolgt for årer. Tusen takk til alle som har bidratt med gevinstar og sal av loddbøker. Totalt fekk me inn om lag 100.000 kroner. Super innsats av basardamene og alle loddseljarane.
- I juni vart lysløypa ramma av lynnedslag. Mange lampar i lysløypa og ein del av installasjonen i skihytta vart øydelagt. Forsikringa dekkar installasjonen i skihytta, men kostnaden med nye lampar har skigruppa dekkar sjølv. Thunestvedt har gjort ein del av jobben, men Ståle Daltveit og Svein Hestad har også gjort ein fantastisk dugnadsjobb her.
- I oktober var det dugnad i lysløypa og denne gangen rydda me rundt skihytta. Skihytta har også fått ny kledning og nokre vinduer er planlagt å skifte. Nytt stativ for reklameskilt er også etablert. Takk til alle som var med på dugnad og ekstra stor takk til Åge Myking som har gjort mykje av snikkararbeidet.
- I haust søkte skigruppa Sparebanken Vest om støtte til ny traktor og i november fekk me den fantastiske nyheita om at me fekk 750 000 kroner. Ny traktor er på plass og den har allereie vert i drift. Tusen takk til Sparebanken Vest for støtta og Bernt Johan Flæsland for søknaden.
- Styret i skigruppa jobbar med planer om rullerulleskiløype i området rundt klubbhuset til Osterøy IL på Hatland. Her får me mykje hjelp fra Hordaland Skikrets (ved Anne Lise Leiren Mastervik) og Norges Skiforbund (ved Marianne Myklebust).

Styret vil også retta ein stor takk til alle sponsorane. Dei fleste har bidratt med pengar til drifta vår gjennom ei årrekke! Dette betyr mykje for økonomien og er ein fin forankring til lokale bedrifter.

Me vil også takka for alt frivillig arbeid som vert lagt ned i skigruppa, dette gjeld trenarar, smørjarar, løypekjørarane og gode hjelparar blant foreldra, som får det heile til å gå rundt år etter år!

Styremøte

Det er avholdt seks styremøter, der omlag 30 saker er behandla. Møta har funne stad i skihytta på Rolland, med godt oppmøte.

Aktivitet i gruppa

Treningane har halde på frå mai, med innlagt sommarpause. Det er trent tysdag, onsdag og laurdag med litt variasjon etter alder og årstid. Onsdag er det styrketrening, laurdag rulleski, ellers litt veksling mellom rulleski og springing. Vintertid går me på ski så sant det er skiføre i lysløypa eller nærområdet.

I sommar hadde me samling for Osterøy sine løparar. Fredag kveld var det rulleskiøkt. Laurdag var det også rulleskiøkt, med spenst og styrke i andre økta. Laurdagen vart avslutta med kjekk sosial kveld på Raknes med bading og mykje god mat. Takk til Nils Skjerping for lån av naust. Søndag var me på kombinert langtur med rulleski frå Lonevåg til Hjelvik og deretter springing til Tirevollen og i området rundt.

Thunestvedtrennet på rulleski vart arrangert i starten av september som sprintrenn på Mjelstad Miljø. Dette var andre året med sprintrenn. Etter god deltaking i 2023 (ca 50 stykk) var det kun med ca 20 stykk dette året. Her må styret i skigruppa vurdera til våren vegen vidare for rulleskirennen. Arbeidet med arrangementet gjekk svært bra. Ikkje vanskeleg å få folk med til rigging, som løypevakter og kiosk vertar, så fantastisk bra dugnadsinnsats også her. Været var også nydeleg denne dagen.

Geilosamling stod på programmet i desember og her stilte ein fin gjeng unge og foreldre. Det vart fem gode treningsøkter på ski og ei kjekk samling. Laurdag hadde me ei sosial samling på Peppes Pizza med god mat og underhaldning.

Vinteren 2023/2024 starta svært bra, med skiføre i lysløypa fleire veker før jul. Det vart arrangert fem renn i Telenor Karusellen med totalt 55 deltakarar. Alle fekk premie kvar gong og det virkar som det er god motivasjon for løparane. Stor takk til Kjersti Brattabø som ordnar dette.

Trenarane har i år vore Lars Braaten Reigstad, Lars Olav Brattabø, Glenn Vik, Kristin Aasheim og Johnny Mostraum. Dyktige og trufaste trenarar som også

er flinke til å vera med ungdommane på skirenn! Me takkar så mykje for innsatsen!

Skigruppa har som oftast med minst ein person som hjelper til med smurning på renn i Hordaland skikrets og ellers rundt omkring i landet. Stor takk til dei som har bidratt her denne sesongen!

Løypekjørarane Anders Flæsland og Øystein Aasheim gjer ein fantastisk jobb med å halda maskinparken ved like og køyrer flotte løyper når det er snø.

Osterøy markerer seg godt på alle skirenn. Me vert lagt merke til på grunn av dei grønne huene, men også for svært gode resultat. Dette er kjekt for alle i skigruppa, og eg vil be-rømme det gode miljøet og samholdet me har. Sjølv sagt har me plass til mange fleire i skigruppa, og rekruttering er ei stor utfordring for oss framover.

Osterøy har denne sesongen hatt ein junior på NTG Geilo og ein senior på Team Swenor på Lillehammer.

Fleire av våre juniorar/seniorar har dei siste sesongane opplevd motgang, og nokre av dei har derfor valt å avslutta den tøffe satsinga. Dette er sjølv sagt synd, men også noko som er naturleg når forventna framgang ikkje kjem. Håpet er at dei fortsatt kan vera med i miljøet.

Gledelig er det at Sondre Brattabø etter to år med motgang verkeleg har funne tilbake til storformen. Han har starta 2024/2025 sesongen med fleire renn heilt i norgestoppen og var ikkje langt unna å kvalifisera seg til junior VM.

Resultat 2023/2024:

Hovedlandsrennet Meråker 24. - 26. februar:

5 km fristil		
G 16 år	Eirik Brattabø	132. plass
Sprint Klassisk		
G 16 år	Eirik Brattabø	134. plass
Cross fristil		
G 16 år	Eirik Brattabø	114. plass

Norges cup Junior:

Lillehammer 19. - 21. januar		
Sprint fristil		
M 19/20 år	Sondre Myking	58. plass
15 km fristil		
M 19/20 år	Sondre Myking	116. plass

10 km klassisk		
M 19/20 år	Sondre Myking	138. plass

Norges meisterskap Senior:

Lillehammer 22. mars		
5 km klassisk		
Kvinner	Ingrid Brattabø	149. plass

Ungdommens Holmenkollrenn:

Klassisk		
J 13 år	Kristin Brattabø	62. plass
G13 år	Thomas Fjellskålnes	140. plass
J 14 år	Mari Hammer	80. plass
	Mari Tysse-Røsland	116. plass
Fristil		
J 13 år	Kristin Brattabø	43. plass
G13 år	Thomas Fjellskålnes	143. plass
J 14 år	Mari Hammer	83. plass
	Mari Tysse-Røsland	116. plass

KM fristil:

J 13 år	Kristin Brattabø	4. plass
J 14 år	Mari Hammer	5. plass
	Mari Tysse-Røsland	6. plass
G 15 år	Oskar Stoknes Hemre	3. plass
G16 år	Eirik Brattabø	3. plass
K 17 år	Magrethe Fjellskålnes	6. plass

KM klassisk:

J 13 år	Kristin Brattabø	2. plass
J 14 år	Mari Hammer	1. plass
	Mari Tysse-Røsland	7. plass
G 16 år	Eirik Brattabø	2. plass

Kretscupen:

J 13 år	Kristin Brattabø	2. plass
J 14 år	Mari Hammer	2. plass
	Mari Tysse-Røsland	5. plass
G 15 år	Oskar Stoknes Hemre	5. plass
G 16 år	Eirik Brattabø	3. plass
K 17 år	Magrethe Fjellskålnes	7. plass
M 19/20 år	Sondre Myking	7. plass

Medlemstal:

Medlemstal for starten av 2025 viser totalt 72 registrerte medlemmar, noko som er ein liten nedgang frå same tidspunkt i fjor.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og	Totalt
--	--------	---------	----------	----------	----------	--------

					eldre	
Kvinner	1	7	7	3	9	27
Menn	0	7	7	4	27	45
Totalt	1	14	14	7	36	72

Medlemsutvikling

	2019	2020	2022	2023	2024	2025
Kvinner		25	25	26	28	27
Menn		48	49	50	48	45
Totalt	79	73	74	76	76	72

Resultatrekneskap med balanse

Kjem som vedlegg.



Leiar: Johnny Mostraum

Dato: 9/2 2025



Årsmelding Turngruppa 2024

Osterøy Idrottslag

Innhold

Styret 2024	3
Styrets arbeid.....	3
Styremøte.....	3
Aktivitet i gruppa	5
Treningsaktivitet.....	5
Våren 2024	5
Hausten 2024	6
Trenarar	7
Aktivitatar lokalt:	7
Aktivitatar i regi av vestland gym om turnkrets.....	8
Medlemstal	9
Anlegg/ Treningstilbod	10
Økonomi	11

Styret 2024

Leiar:	Lovise Mari A. Hopsdal
Kasserar:	Maria Sandal Vevle
Styremedlem:	Kristine Telle Hamre
Medlemsansvarleg:	Lovise Mari A. Hopsdal

Styremøte

Turngruppa har hatt 3 fysiske styremøte i 2024. Alle styremedlemmar har deltatt på alle møta. I tillegg til dei fysiske møtene har ein i styret hatt eit godt samarbeid og kommunisert godt via SPOND der styret har ei eiga gruppe for sitt arbeid.

Styrets arbeid

• Søknad etter støtte og midlar

Styret har i 2024 hatt noko fokus på å søkje etter midlar og støtte frå ulike aktørar, dessverre utan hell hos nokon.

- OBOS-jubel vår 2024: Søkje etter midlar (120 000kr) til å kjøpe nytt utstyr, støtte til klubb T-skjorter (30 000kr) og støtte til klubb-gensere (80 000kr).
- Kraftriket fondet: Støtte til kurs og kompetanseheving for våre trenarar.
- Prosjektstøtte SPV: Inkluderingsfond for familiar med økonomiske utfordringar (100 000kr).
- Zuccarellostiftelsen: Inkluderingsfond for familiar med økonomiske utfordringar.
- LAM-midlar: Trenarutvikling, 9000kr. Sikringskurs kr. 12 500kr.

• Planlegging og gjennomføring av våroppvisning 10 mars.

Ein del av planlegginga har gått føre seg via SPOND. Eit møte for å få fordele ansvar og oppgåver.

• Digitalt skrapelodd spond

På hausten gjennomførte turngruppa dugnad på sal av digitale skrapelodd via appen SPOND. Dugnaden varte ei veke. Det kosta 59kr pr.lodd og det var enkelt å dele lenke via sms, facebook og snapchat ol. Styret hadde satt som mål at alle gymnastane skulle selje 20stk lodd kvar, noko som var overkommeleg for dei aller fleste. Det vart solgt 2725 lodd, totalt eit sal på 160 831kr, der turngruppa får totalt 106 480kr. Ein ynskjer å nytte inntekta frå loddsalet til å kjøpe inn 180 T-skjorter i klubbfarengane (lik speledrakter til t.d. handball).

- **Sponsorar**

Styret har skaffa sponsorar.

- Solberg MEK verkastad: 10 000kr/året i 4år (tom.2027).
- Bunad og stakkastova: 5000kr/året i 3 år (tom.2026).
- XL-bygg: 2000kr som ein eingangssum i 2024.
- Kito Crossby: 5000kr/året i 3 år (tom.2026).
- Sport 1 Øyrane.

- **Foreldremøte hausten 2024**

Styret, i samarbeid med trenargruppa inviterte til foreldremøte for alle gruppene. Det vart halde på ein onsdag der trening utgjekk. Totalt 50% av føresatte deltok på møtet.

Møtetidspunkt:

- Gymleik 4-5år i klubbhuset kl. 17:00
- Turn 6-7år og 8-9 år samstundes i Osterøyhallen, del C kl. 17:00
- Felles informasjon for alle i Osterøyhallen kl. 18:00
- Turn 10-12år og 13år samstundes i Osterøyhallen, del C kl.19:00.

Agenda:

- Informasjon om partiet
- Reglar på trening
- Plan for hausten
- Medlemsavgift
- Dugnad og loddsal
- SPOND og minidrett

Aktivitet i gruppa

Treningsaktivitet

God og aukande aktivitet i turngruppa. Stor etterspurnad for turn som har resultert i behov for å sette max-grense på partia.

Våren 2024

Totalt 134 aktive gymnastar. Sjå fordeling under.

	Antall gymnastar	Hovudtrenar	Trenar
Gymleik 4-5år, Foreldre og barn	31stk <i>(8stk venteliste)</i>	Linnea Sandal Veve Tonje Fostervoll Fjellby	
Turn 6 -7 år	30stk	Kristin Kleppe	Thea Hartveit Daltveit Thea Sofie Grimstad Sofie Bjerke
Turn 8 – 9år	31stk	Merethe Antun Lovise Mari Antun Hopsdal	Tinnea Bernes Bruvik Linnea Sandal Veve Tonje Fostervoll Fjellby Camilla Lundgren Skår
Turn 10-12år	35stk	Merethe Antun Lovise Mari Antun Hopsdal	Baste Neu Hatland
Turn 13år +	7stk	Baste Neu Hatland	Helene Tønnessen
Turn Rekrutt/Junior	10stk	Merethe Antun Lovise Mari Antun Hopsdal	Helene Tønnessen

Hausten 2024

Totalt 163 aktive gymnastar. Sjå fordeling under.

	Antall gymnastar	Hovudtrenar	Trenar
Gymleik 4-5år, Foreldre og barn	45stk		Linnea Sandal Veve Tonje Fostervoll Fjellby
Turn 6 - 7 år	35stk <i>(13stk venteliste)</i>	Kristin Kleppe Malin Maria Mjelde	Thea Hartveit Daltveit Vilde Fjellskålnes Isabel Hopsdal Daltveit Natalia Daltveit-Bysheim
Turn 8 - 9år	35stk <i>(5stk venteliste)</i>	Linnea Sandal Veve	Tinnea Bernes Bruvik Tonje Fostervoll Fjellby Camilla Lundgren Skår
Turn 10-12år*	43stk	Merethe Antun Lovise Mari Antun Hopsdal	Baste Neu Hatland Linnea Sandal Veve Tinnea Bernes Bruvik Tonje Fostervoll Fjellby Camilla Lundgren Skår
Turn 13år+*	7stk	Baste Neu Hatland	Helene Tønnessen Tinnea Bernes Bruvik
Turn Rekrutt/Junior	18stk	Merethe Antun Lovise Mari Antun Hopsdal	

Etter haustferien tok styret eit val om å slå partia Turn 10-12år og Turn 13år+ saman, grunna få gymnastar på Turn 13år+. Dette har ikkje skapt nokon reaksjonar. 10år+ er no eit stort parti, med god trenardekning. Ein planlegg å halde denne gruppa samla til neste sesong også, med ynskje om større hallplass.

Trenarar

For å rekruttere trenarar har ein sett på moglegheita til å nytte unge gymnastar. Styret har satt ei yngre aldersgrense på å kunne bli trenar på 7 klasse. Desse får ikkje store verv og startar som hjelpetrenarar. Ingen i trenargruppa har utført kompetansejevande kurs i regi av Norges gym og turnforbund. Alle trenarane over 15år har levert politiattest og gjennomført trenarattesten. Trenargruppa deltok på trenarsamling i regi av Vestland gym og turnkrets, ei aktiv helg med mykje lærdom og sosialt.

Turngruppa har arrangert Vårøppvisning, eit svært vellukka arrangement med full tribune. Me måtte også sette ut stolar i sal for å få plass til all publikum. Kjekt å vise vener, familie og kjendte akrobatiske moment.

Aktivitetar lokalt:

- **Open trening**

Siste treninga før sommarferien arrangerte me Open trening, moglegheit til at nye gymnastar får komme å prøve ut turn. Me hadde påmelding for å ha litt kontroll på kor mange som kom, for å sikre ei god trening. Eit vellukka tilbod som ein vil videreføre

- **Vårøppvisning**

Eit veksande arrangement. Full tribune og behov for stolar i sal. Dugnadsoppgåver sendt ut til føresatte via SPOND, føresette melder seg på for å ta oppgåvene. Føresette som deltar på dugnad får gratis inngong, elles 50kr pr vaksen (born u/15år gratis). Spannande og inspirerande for gymnastar og trenarar å vise fram kva ein har jobba med i løpet av sesongen.

- **Dugnad i utstysrommet**

Før me fekk leveranse av nytt utstyr var det behov for utvask og opprydding av utstysrommet. 7stk føresatte møtte til dette.

- **Trenarmøte**

Før oppstart av haustsesongen inviterte styret alle trenarane til eit trenarmøte. Merethe hadde ei arbeidsøkt der ein øvde på grunnleggande sikring og kva som er viktig å hugse på når ein planlegg treningar. Styret presenterte forventingar og retningslinjer til trenarane i turngruppa.

Før ein avslutta gjekk ein saman i partia og planla starten på haustsesongen, rollefordeling og kva fokus og mål ein sit seg for sesongen.

Deltakelse: 13stk trenarar av totalt 16stk moglege.

Aktivitetar i regi av vestland gym om turnkrets

- **Gymfest i vest barn Årdal**

Gymfest i vest er ei helg der ein deltar både på treningssamling og konkurranse. I Vestland fylke blir det arrangert to Gymfest i Vest; Gamle Hordaland og Gamle Sogn og Fjordane. I år deltok Osterøy på Gymfest arrangert i gamle Sogn og Fjordane.

15 gymnastar, saman med 1 trenar (Lovise) og tre føresatte reiste til Årdal. Me deltok med to troppar i gymfest-konkurransen, begge troppane i trampett og tumbling. Det vart ikkje noko topplassering på oss, men den eine troppen fekk utmerkelse for best utføring og minst trekk!

- **Gymfest i Vest ETNE - Ungdom**

Gymfest i vest er som skrivi over delt i to, ungdomsgymfest var i år samla i Etne. 4stk (av 6 moglege) av gymnastar frå Osterøy reiste til Etne og deltok der. Dei deltok ikkje i konkurranse.

- **Kurshelg for trenarar Åsane Arena**

Dette er ei kurshelg der det er mogleg å melde seg på ulike minikurs. Aldersgrense 13år. Frå Osterøy IL Turn deltok 9stk trenarar av 13stk moglege.

- **Treningssamling rekrutt (11-12år) Åsane Arena, Januar 2024**

Treningssamling for rekruttar i Vestland gym og turnkrets. Totalt var det 7stk gymnastar (av totalt 12stk)frå Osterøy som deltok.

- **Treningssamling junior (13-17år) Åsane Arena, April 2024**

Treningssamling for juniorar i Vestland Gym og turnkrets. Totalt 5stk gymnastar (av 11stk) frå Osterøy som deltok.

- **Aktivitetsdag Aspirantar (6-10år) Åstveithallen**

Tertnes IL inviterte til aktivitetsdag med mange ulike aktivitetar inne og ute. Avslutta med felles oppvisning der alle føresette, syskjen, besteforeldre mm var velkomne som publikum. Frå Osterøy deltok 15stk gymnastar (av 53stk moglege), med to trenarar som reisefølgje.

- **Treningssamling rekrutt (11-12år) Åsane Arena, September 2024**

Treningssamling for rekruttar i Vestland Gym og turnkrets. Totalt 13stk gymnastar (av 19stk moglege) frå Osterøy deltok.

- **Treningssamling junior (13år+) Åsane Arena, November 2024**

Treningssamling for juniorar i Vestland gym og turnkrets. Totalt 3stk gymnastar (av 11stk moglege) frå Osterøy deltok.

Medlemstal

Medlemstala er antall registrerte betalte medlemmar des.2024

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	36	112	8	1	8	165
Menn	10	1	0	0	1	12
Totalt	46	113	8	1	9	177

Medlemsutvikling

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Kvinner	38	47	52	100	152	165
Menn	2	6	9	7	20	12
Totalt	40	53	61	107	172	177

Anlegg/ Treningstilbod

All treninga til turngruppa er i Osterøyhallen. Alle har trening om onsdagar, ei gruppe har også treningsdag nr 2 måndag.

For å gjennomføre treningane våre er det ein del utstyr som skal være satt ut i hallen. Difor er det behov for satt av tid til dette.

Treningstidene har vore ulike frå vår og haust. Sjå oversikt under

VÅREN 2024

Grunna mange parti var det behov for å ha overlappende treningstider. Gymnastane starta difor med oppvarming i ein halldel før dei gjekk over halldel der utstyret var plassert.

VÅREN 2024 - ONSDAG			
Parti	Treningstid	Halldel B	Halldel C
Rigging av utsyr i hall	16:00 – 16:30 (30min)		16:00 – 16:45
Gymleik 4 – 5år	16:30 – 17:15 (45min)	16:30 – 16:45	16:45 – 17:15
Turn 6 – 7år	17:00 – 17:45 (45min)	17:00 – 17:15	17:15 – 17:45
Turn 8 – 9år	17:30 – 18:30 (1t)	17:30 – 17:45	17:45 – 18:30
Turn 10 – 12år	18:30 – 20:00 (1,5t)	18:30 – 18:45	18: 45 – 20:00
Turn 13år+	19:30 – 21:30 (2t)	19:30 – 21:30	

VÅREN 2024 - MÅNDAG	
Parti	Treningstid
Rekrutt/Junior	18:30 – 20:30

HAUSTEN 2024

Om hausten var det ynskje om å auke treningstida til 6-7år med 45 min, total treningstid 1t. Ein valgte då å ha to parti samstundes, med avklaringar for kva utsyr som skal nyttast i kva halldel. Partia byttar på kva halldel dei er i kvar veke.

Alle gymnastane har fått informasjon om å møte i garderobar og blir henta der av trenarar når treninga startar.

HAUSTEN 2024 - ONSDAG				
Parti	Treningstid	Halldel B	Halldel C	Garderobe
Rigging av utsyr i hall	16:00 – 16:30 (30min)			
Gymleik 4 – 5år	16:30 – 17:15 (45min)	16:30 – 16:45	16:45 – 17:15	1 & 2
Rigging av utstyr i hall	17:15 – 17:30 (15min)			
Turn 6 – 7år	17:30 – 18:30 (1t)	17:30 – 18:30		1
Turn 8 – 9år	17:30 – 18:30 (1t)		17:30 – 18:30	2
Turn 10år +	18:30 – 20:00 (1,5t)	18:30 – 18:45	18: 45 – 20:00	3

VÅREN 2024 - MÅNDAG	
Parti	Treningstid
Rekrutt/Junior	18:30 – 20:30

Økonomi

Medlemsaukinga i turngruppa er til stor fordel for økonomien til turngruppa. Dugnadsarbeidet med våroppvisning og sal digitale skrapelodd har også bidratt til positiv vekst av økonomien til turngruppa.

Budsjett og resultatrekneskap med balanse

(Sjå Vedlegg)



Handballgruppa

Styret

Årsmelding for 2024 – Osterøy IL Handball

Styret i handballgruppa 2024

Leiar	Elin Kleppe Fossbakken	1 år
Nestleiar	Thor- Eivind Mjelde	2 år
Skrivar		
Styremedlem	Mette Valle	2 år
Styremedlem	Marte Gjøstein	1 år
Styremedlem	Elisabeth Bidne Sandal	2 år
Ungdomsmedlem	Linnea Edwardsdal	1 år
Ungdomsmedlem	Ronja Tysse Låstad	1 år
Valnemnd		
Valnemnd		

Styrets/gruppas arbeid

Handballgruppa har hatt ein fin sesong med normal kampaktivitet. Det har vert nokre store kamparrangement i Osterøyhallen med miniturnering og kortbanehandball. Den tradisjonelle og viktige Hafo-turneringa vart avholdt i 2024 med stor suksess.

Handballgruppa har fortsatt kontrakt med Sport 1 Øyrane for andre sesongen.

Styremøte

Det har vore gjennomført 2 ordinære styremøte og fleire nemdmøter.

Lag og trenarar

Gruppa stiller i sesongen i 2024-25 med desse laga og trenarar / hjelpetrenarar.

Klasse	Ant. Lag	Ant.spel.	Trenar
Barneparti	3	12	Anneli Teigland
Gutar 11	1	12	Hilde Soltvedt & Jenny Ann Burkeland
Jenter 11	1	16	Veronica Lohne Bjerk, Linnea Edwardsdal, Ronja Tysse Låstad
Jenter 13	1	10	Sandra Lohne Tvedterås, Amelia Gjerstad Skjerping
Junior	1	6	Veronica Lohne Bjerk
Damer	1	10	Elin Kleppe Fossbakken



Handballgruppa

Styret

Deltaking i cupar

I år deltok to jentelag på Førde cup med stor suksess. I tillegg har barnepartiet deltatt på fleire miniturneringer.

Osterøyhallen – kampavvikling

Vi har hatt fleire arrangement med fleire lag i aksjon. Vi har då hatt kiosk open, med mykje mat føresette på dei ulike laga har tatt med. Vi har hatt ein del arrangement med kun ein kamp. Kampavviklinga har gått fint, men vi ser at det er utfordrande å få variasjon i føresette som stiller opp på dugnad. Vi har hatt nokre trufaste ildsjelar som har stilt opp på enkeltkampar i sekretariat og billettar. Den årlege HaFo turneringa vart avholdt i 2024. Denne gjer god gevinst i inntekt og rekruttering.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Aktiviteten i gruppa har fortsett i riktig retning. Treninga for den minste gruppa som er frå 6-9 er fortsatt oppe å går, og det er påmeldt 1 lag i denne klassen. Dei yngste laga er en viktig arena for rekruttering. Det er viktig at vi fortsett og ha gode opplegg for dei ulike laga for å halde på spelarane over tid. Vi har hatt stor oppblomstring på vårt j11 lag, det er veldig kjekt.

Dommere

Vi har ikkje hatt nokre dommere påmeldt i år. Vi har hatt fleire klubbdommere til å dekke miniturneringane og kortbaneturneringane i Osterøyhallen. Klubbdommarane har fått noko dommaraktivitet i år og er ein viktig ressurs for klubben. Vi har og hatt ein dommar som har tatt dommer 1 kurs som har dømt nokre j13 kamper, dette er svært positivt.

Medlemstal

Medlemstala for 2024 viser 94 aktive og passive medlem.

Medlemsutvikling for perioden 2015-2024

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Kvinner	113	94		94	95	95	82	52	75	72
Menn	30	35		11	8	8	23	13	16	22
Totalt	143	129	131	105	103	103	105	65	91	94

Økonomi

Økonomisk sett har handballgruppa hatt eit godt år med eit solid overskot. Dette store overskotet kan vi takke trufaste sponsorar for.

Treningsavgift

Treningsavgifta har ikkje vert endra sidan 2018. D vart den sett til 950 kr for barn og 1150 kr for vaksne. Dette var nødvendig for å få likviditeten i gruppa opp.

Resultatrekneskap med balanse

Sjå eige vedlegg til årsmeldinga.

Lonevåg, 18. mars 2025
Elin Kleppe Fosbakken
Leiar Osterøy IL handball

Årsmelding for 2024, OIL friidrettsgruppa

Styret i 2024

Leiar:	Bjarte Vik (2024)
Nestleiar:	Åse Bergheim (2023-2024)
Skrivar:	Herdis Helle (2023-2024)
Kasserar:	Ingri Mjelde Birkeland (2024-2025)
Styremedlem:	Marianne Feidje Mjelde (2023-2024)
Styremedlem:	Jonas Lillejord (2023-2024)
Styremedlem:	Anne Lise Leiren Mastervik (2024-2025)
Styremedlem	<i>Tore Hannisdal (2024-2025)</i>

Valnemnd: Helga Reigstad (leiar), Bjarte Lohne og Mats-Eirik Elvik.

Arbeidet til styret

Styret starta med å setja opp nokre konkrete mål og fordela arbeidsoppgåver. Å vidareføra og utvikla tilbodet for den yngste gruppa var høgt prioritert. Her er det også sett opp trenarkontraktar. Nestleiar Åse Bergheim har hatt hovudansvaret i styret for denne gruppa. Våren 2024 gjennomførte me friidretts-SFO i Haus som eit prøveprosjekt. Elles er det arrangement og dagleg drift som pregar styrearbeidet.

Trivsel er viktig, og sosialnemnda med Anne Lise Leiren Mastervik, Jonas Lillejord og Marianne Feidje Mjelde har laga til både kickstart og sesongavslutning med padeltennis og pizza i Åsane. Det har også vore servering av frukt og drikke på enkelte treningar.

50 000 kr frå stiftinga Ulvsnesøy Skolehjem vart brukt på aldergruppa opp til 18 år. Me har også signert ein ny 5-årig avtale med Craft og Sport 1 Åsane. Alt kjøp og sal av profileringstøy skjer no i klubbavdelinga der. Me bør ha ein klubbkveld i butikken for å auka salet.

Styret hadde ambisjonar om å dra i gang ei mosjonsgruppe, men dette tiltaket står på venteliste. Målet om kiosk på alle stevne vart heller ikkje følgd heilt opp. Det vart også vurdert å ta på seg NM terrengløp våren 2025, men ein valde å seia nei. Me trekte oss elles frå eit dugnadsoppdrag i Osterøyhallen då me ikkje fekk nok folk til å stilla. Me har elles hatt dugnad på klubbhuset med utvendig vask og måling av varmestova. Som vanleg stilte me funksjonærstab i kast på TMG og KM på Fana.

Friddrettsgruppa har heldigvis fleire eldsjeler som lettar arbeidet til styret. Me har dyktige og engasjerte trenarar som gjer at den daglege aktiviteten går sin jamne gang. Me har også ein gjeng dommarar og arrangørar som alltid tar i eit tak og er godt drilla. Det er også til stor avlastning for styret at Helga Reigstad tar seg av arbeidet med sponsorar og Craft-utstyr, at Arne Reigstad bestiller reiser og overnatting til leirar og fellesreiser til stevne, og at Vidar Simmenes trår til med smått og stort arbeid på stadion i tillegg til arrangement og «papirarbeid» med nettside og statistikk. Arne er elles med i plangruppa som arbeider med å utnytta grusarealet ved Osterøyhallen.

13. august arrangerte gruppa kakefest for 80-årsjubilanten Karl Johan Reigstad i klubbhuset. Idrettslaget har hatt ein sterk årgang fødd i 1944, og andre jubilarar dette året var Bjarne Langhelle, Idar Elvik og John Bernes. Karl Johan fekk også Friddrettens Venners kretspris under kretsen sin friddrettsgalla i Bergen. Utmerkinga var ein heiderspris for innsatsen og engasjementet både som aktiv, trenar, leiar, arrangør, forbundsdommar og pådrivar i alle år.

Styremøte

Styret har i 2024 hatt fire styremøte og handsama 30 saker. Det er to-tre færre møte enn ideelt. Oppmøtet på møta har vore godt, og bortreiste medlemmer har ofte vore med via Teams. Utanom møta har styret tatt opp saker pr. epost eller telefon.

Økonomi

Økonomien til gruppa er svært solid, og me har ein god reservekapital i banken. Årsmøtet budsjetterte med 25 000 kr i underskot, og rekneskapet viser at me treffe godt.

Resultatrekneskap med balanse

Rekneskapet ligg som vedlegg til årsmeldinga.

Aktive trenarar i 2024 (høgste fullførte trenarutdanning i parentes)

Mats-Eirik Elvik (trenar 1)

Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)

Helga Reigstad (trenar 2 kast, held på med trenar 3)

Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)

Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Dagfinn Gjerstad

Amalie Hustrulid

Paul Bruvik, som har vore trenar/mentor og svært interessert medlem av idrettslaget, gjekk bort før påske 2024 etter langvarig sjukdom.

Dommarar og startarar:

Inge J. Reigstad (FD/FS), Arne Reigstad (KD/KS), Karl Johan Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løvteit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Hennig Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Bjarte Vik (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KD), Torbjørn Simmenes (KD), Markus Loftås (KD), Markus Markmanrud (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD), Per Ole Mostrøm (KD), Vegard Trefall (KDA), Dagfinn Gjerstad (KD), Amalie Hustrulid (KD).

Nokre av desse er ikkje med i idrettslaget, men er i «reservetroppen». Å få fleire aktive og foreldre til å ta dommarkurs er nødvendig om gruppa skal ta på seg større arrangement i framtida. Gruppa har elles gjort avtale med Andreas Markmanrud om fast elektronisk tidtaking ved stevna på Hatland. Matias Hagenes har vore speaker på fleire arrangement.

Medlemstal

I 2024 har friidrettsgruppa hatt 123 betalende medlemmer, omlag som året før. Det er vekst i aldersgruppa 6-12 år, men litt nedgang i ungdomsgruppa.

Medlemsstal for 2024

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	16	6	3	18	38
Menn	0	11	12	5	57	85
Totalt 2023	0	12	25	8	80	125
Totalt 2022	0	1	28	12	78	106
Totalt 2021	0	0	23	11	74	108
Totalt 2020	0	5	28	9	73	115
Totalt 2019	0	15	35	8	75	133
Totalt 2018	0	40	50	11	75	180
Totalt 2017	0	50	40	12	80	182

Medlemsutvikling

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Kv.	113	108	102	85	76	75	51	40		36	36	38
Menn	126	116	121	119	106	105	82	75		83	89	85
Totalt	239	224	223	204	182	180	133	115	108	119	125	123

Årsfest

Årsfesten for 2024 er sett opp ein laurdag i slutten av mars 2025. I framtida bør ein prøva å gjennomføra årsfesten om hausten same sesong.

Osterøy Stadion

Grasmatta har i 2024 hatt bra tilgang på naturleg regn med unnatak av dei første vekene i mai. Den sjølvgåande grasklipparen har også gjort ein god innsats i 2024. Grasmata er elles «lufta» og gjødsla, og vatningsanlegget vert tømt for å unngå frostskaider på leidningsnettet. Fotballgruppa har gjort ein glimrande jobb med grasmatta, inkludert reingjering og oppfølging av robotklipparen.

Friidrettsgruppa har tatt kantklippinga langs sarg og i kast- og hoppområda i søndre sving. Me nyttar grasmatta til oppvarming, løpstrening, kastøvingar og leik for den yngste treningsgruppa. Fotballgruppa har ikkje kampar her, men nyttar grasbana som avlastingsbane for kunstgraset i Fugledalen.

Kantklipping langs sarg og i kast- og hoppområda må framleis gjerast med den bensindrevne klipparen. Her er det normalt 8 klipp pr. sesong. Det har vore færre klipp i 2024. Det er ein god del groe og gras etter kantklipping langs sargkant. Ved gjødsling av grasmata vert også deler av løpebana gjødsla som ikkje er bra med tanke på groe. Noko av ugraset langs sargen er reinska vekk for hand og dempa med salting. Løpebana m.m. er vorte vaska i haust. Det var to år sidan sist. Det var litt reklamasjon på vaskinga. Sargen vert fjerna ved banevask. For kvar sargfjerning vert det meir og meir krevjande å få den på plass att, og sargen er framleis ikkje på plass. Eit alternativ til sarg er å plassera kjegler i svingane ved stevne. Manglande sarg vil truleg vera både fordelar og ulemper for kantklippinga.

Kastnota vart i vinter senka i kastburet og ikkje lagra under terassen i banehuset. Minst to av snorene til kastnota er nede. Snorene til kastnota er elles i dårleg stand og vert anbefalt skifta ut. I kastsektoren for kule er det mykje groe som er krevjande å halda i sjakk.

Elles er det dårleg drenering i deler av løpebane 1 og 2 og i satsområda til lengdegropene. Truleg er det mykje tettmasse under bana som gjer at dreneringa sviktar. Dette gjer ein del ekstraarbeid ved stevne.

Trallevognene til hekkane har hjul som må skiftast eller reparerast. Fleire av hekkane ber preg av forfall, men det er framleis 2-3 hekkesett som kan nyttast i stevne. På sikt er det ønskje om at det vert bygd ein tett lagerdel under terassen slik at vinterlagringa av utstyr vert betre.

Banehuset

Det er i 2024 utført vask utvending. Også inne er det utført vedlikehald/måling. Toalett i varmestova er lite brukt, og det bør vurderast å fjerna både vask og

toalett i varmestova slik at rommet vert større og meir attraktivt. Lagerdelen er til dels overfylt, og det er behov for betre orden.

23. oktober 2024 vart det gjennomført vernerunde av Osterøy Stadion og banehus. Etter vernerunde er det oppdareert risikovurdering og sjekklister. Her er og punkt som må følgjast opp for å ha akseptabel risiko.

Sportsleg aktivitet og statistikk i 2024-sesongen

Prisar

Prisen for årets utøvar og stimulanseprisen vert delt ut og offentleggjort på årsfesten våren 2025.

Nye klubbrekordar senior

1,20,98	Vegard Høylo Trefall	2006	600m	Ravnanger	240717	1052pg tyrving
14,54	Trygve Feidje Mjelde	1994	5km kontrollmålt	Stord/Industriløpet	240316	

I tillegg er det sett fleire bestenoteringar i aldersklassar.

1000-poeng på Tyrvingtabellen

49,42	Vegard Høylo Trefall	2006	400m	Arna idr. Park	240703	1063
1,20,98	Vegard Høylo Trefall	2006	600m	Ravnanger	240717	1052
1,52,86	Vegard Høylo Trefall	2006	800m	Bodø	240804	1047

Største poengskårarar serien

MS Magnus Reigstad (3142 poeng, 5 resultat)
 KS Amalie Nithoer Hustrulid (594 poeng, 2 resultat)
 MV John Bernes (4265 poeng, 7 resultat)
 KV Randi Kleppe (1293 poeng, 4 resultat)
 Gutar Eirik Reigstad (5936, 7 resultat)
 Jenter Maren Høvik Haugland (2993 poeng, 5 resultat)

OF 2024 (statistisk opplysning) 5 beste resultat

MS 3142p Magnus Reigstad	MV 3270 p John Bernes	Gutar 4894 p Vegard Høylo Trefall
KS ingen	KV 1293 p Randi Kleppe	Jenter 2993 p Maren Høvik Haugland

Medaljar i nasjonale meisterskap

sølv	17,35	Arne Mjelde	1942	100m	Stjørdal	240621	MV80	NM veteran
sølv	36,47	Arne Mjelde	1942	200m	Stjørdal	240622	MV80	NM veteran
sølv	1,27,12	Arne Mjelde	1942	400m	Stjørdal	240623	MV80	NM veteran
sølv	4,93	Benjamin Strand Blichfeldt	2009	lengde	Fana st	240825	g-15	KM Hordaland
bronse	1,45	Benjamin Strand Blichfeldt	2009	høgde	Fana st	240825	g-15	KM Hordaland

gull	1,65	Eirik Reigstad	2007	høgde	Fana st	240825	g-17	KM Hordaland
gull	32,60	Even Mathisen	2009	spyd 600	Fana st	240825	g-15	KM Hordaland
gull	90,02	John Bernes	1944	400m	Knarvik	240929	mv80	KM Vet Hord.
gull	21,79	John Bernes	1944	sp500	Knarvik	240929	mv80	KM Vet Hord.
gull	3,19	John Bernes	1944	lengde	Knarvik	240928	mv80	KM Vet Hord.
gull	7,11	John Bernes	1944	tresteg	Knarvik	240929	mv80	KM Vet Hord
gull	14,17	Kristoffer Reigstad	1980	slegge 7,26	Lyngdal st	240224	mv40	NM vet. vinterkast
sølv	1,27,53	Magne Vikne	1954	motbakke	Ulvik	240713	MV75	NM motbakke
bronse	6,77	Magnus Reigstad	2003	lengde	Bodø	240802	U23	NM junior
sølv	6,60	Magnus Reigstad	2003	lengde	Fana st	240825	ms	KM Hordaland
gull	24,45	Mathias Hannisdal	2008	spyd 700	Fana st	240825	g-16	KM Hordaland
gull	21,45	Randi Kleppe	1949	100m	Knarvik	240929	kv75	KM Vet Hord.
gull	5,22	Randi Kleppe	1949	ku3	Knarvik	240929	kv75	KM Vet Hord.
gull	4,68	Randi Kleppe	1949	tresteg	Knarvik	240929	kv75	KM Vet Hord.
bronse	9,01	Trygve Feidje Mjelde	1994	3km	Bjerke Travbane	240420	MS	NM terreng kort
sølv	1,52,86	Vegard Høylo Trefall	2006	800m	Bodø	240804	U20	NM junior

Arrangement

Friidrettsgruppa hadde 27 eigne arrangement med totalt 1353 deltakarar. I tillegg kjem fellesarrangementet «Osterøy på tvers» med 326 deltakarar. Det er færre arrangement enn før koronapandemien, men litt fleire deltakarar totalt sett. På Osterøy Stadion var det i 2024 fem HTB karusellstevne og kaststevne med 164 resultat. I tillegg kjem Osterøytrearen vår og haust. Her var det 60 resultat på 3000 m (nedgang) og 55 resultat i barneløpa (oppgang).

Dei to banestevna i Haus har god deltaking i dei yngste klassane med totalt 268 resultat. Det er ikkje treningstilbod for ungar i bygda, og dei fleste som deltek har ikkje aktivt medlemskap i Osterøy IL.

I innandørssesongen var det eit stevne i Haus med 13 resultat og to stevne i Osterøyhallen med 85 resultat.

Arrangementa utanfor bane starta med Osterøymeisterskapet i terrengløp i Mjeldalen med 36 deltakarar. Dei aller fleste var i dei yngste klassane. Ingen frå Mjøsdalen deltok. Ein bør unngå kollisjon med Holavatnet rundt ved slike arrangement. Valestrandsmarka rundt har framleis god deltaking med 429 på ni løp, altså opp mot 50 i snitt. Også dette året serverte ein gjeng lokale entusiastar gratis lappar, og dreiv aktiv rekruttering på sosiale media og elles. Det er også sett opp pengepremiar til løyperekordar av ein sponsor. I eit av løpa var det ekstra sleipt og fleire var uheldige og datt i siste bakken ned til bana. Før neste løp reinska ein for gras og la på litt ekstra grus.

På Brakvatnet halvmaraton var det god stemning som vanleg og framgang i deltakartal frå dei siste åra. Spesielt barneløpet med 40 deltakarar var positivt.

Osterøy på tvers frå Bruvik til Hosanger første laurdag i juni vart ein stor suksess med til saman 326 deltakarar, av dei 96 i konkurranseklassen. Løpet er eit samarbeid med Mjøsdaalen, Bruvik og Fotlandsvåg IL og starta opp i 2023. Arrangørstaben var i minste laget og spesielt mot slutten må løypa merkast noko betre. Gode rutinar rundt tryggleiken er viktig i denne typen løp. Ein person datt og skada seg i fjellet og vart henta med luftambulans. Elles var det mange svært gode tilbakemeldingar. Det vart sett nye løyperekordar både for menn og kvinner.

Statistikk egne idrettsarrangement i 2024 Sum deltaking/resultat i parentes.

		2025	2024	2023	2022	2021
Terrensløp			1(36)	0	0	0
Testløp			0	0	0	0
Brakvatnet barneløp	Brakvatnet	1	1(40)	1(6)	1 (17)	1 (10)
Brakvatnet Halvmaraton	Brakvatnet	1	1(12)	1(9)	1 (6)	1 (12)
Brakvatnet Halvmaraton stafett lag	Brakvatnet	1	1(15/120)	1(11/88)	1 (14/112)	1 (20/160)
Sumarkarusell frå 2020	Brakvatnet	0	0	0	0	4 (13)
Vinterkarusell	Brakvatnet	0	0	1(3)	4(34)	5 (38)
Valestrandmarka jul og nyttår	Furubakken	2	2(74)	2(76)	2(25)	0
Valestrandmarka karusell	Furubakken	9	9(429)	9(495)	9(165)	9(231)
Haustrimmen	Haus idrettsp.		0	0	0	6(34)
Serie	Haus idrettsp.	2	2(268)	2(263)	2(136)	2(162)
Hopp u.t.	Haus skule	1	1 (13)	1(18)	1(7)	1(20)
Stemmeseggi Opp	Mjeldalen	0	0	0	0	0
Karusell kaststevne	Osterøy St.	2	2(55)	2(68)	3(91)	3(85)
Karusell Ost st	Osterøy St.	3	3(109)	5(136)	5(174)	5(183)
Ost3ar (3000m + barneløp	Osterøy St.	2	2(110)	2(90)	2(82)	2(135)
Rekrutt	Osterøy St.		0	0		
Spydstevne	Osterøy St.		0	0		
Lengdestevne	Osterøy St.		0	0	1(6)	
Tinestafett lag	Osterøy St.		0	0		
Ungdomsleker (2 dager)	Osterøy St.		0	0		
10km utvendig	Osterøy St.	1				
Hopp u.t.	Osterøyhall	2	2(85)	2(61)	2(41)	1(17)
Hopp u.t.	Valestrand sk		0	0	0	0
Bjarte Viks Eliteløp	Vik		0	0	0	0

SUM	Alle	27(x)	27(1353)	29(1313)	34(896)	41(1100)
Felles arrangement Osterøy, Mjøsdalen, Fotlandsvåg og Bruvik IL						
	2025	2024		2023		
		m.t. + u.t.		m.t. + u.t.		
Osterøy på tverrs		326 (96+230)		150 (60+90)		

Stafettsesongen

Fristafetten: Rekruttar jenter og gutar 3 lag (nr. 4, 8 og 9) Menn senior nr. 9 Menn veteran 35+ nr. 3	Askstafetten Menn senior nr. 3 Menn veteran 35+ nr. 2
--	--

Rekruttgruppa

Gjennom heile 2024 har det vore stor vekst i den nyoppstarta rekrutteringsgruppa som omfamnar aldergruppa 3.-7.trinn. Før jul i 2023, var det mellom 8-12 born på desse treningane og i skrivande stund er det opp mot 30 på det meste. Det er jamn fordeling mellom gutar og jenter, og det er flest i 4.-5.trinn (9-10 år). Borna kjem i hovudsak frå Lonevåg, Hauge, Valestrand og Hjellvik.

Etterkvart har det kome nokre born som går i 1.-2.trinn, og her merkar trenarane utfordringar med at det ikkje alltid er like lett å følge opp og tilrettelegge gode aktivitetar for dei. Det bør vurderast om gruppa skal delast i mindre tilrettelagte grupper, tilpassa alder og nivå, eller at 1.-2.trinn må venta til dei kjem opp i 3.trinn.

Det har vore to faste trenarar. Det er Dagfinn Gjerstad og Amalie Nithoer Hustrulid. Desse har vore svært dyktige og stabile heile vegen, og har hatt lite fråvær på treningane. Når det har vore behov, har foreldre og andre frå gruppa stilt opp som trenarar og støtte. Trenarane har fått betalt for arbeidet dei gjer. Rekruttane har delteke på Osterøymeisterskap i terrengløp i Mjøsdalen i april, friidrettstevne i Haus og Osterøy stadion og nokre har delteke på Pingvinleikane i Leikvanghallen. Hopp utan tilløp-stevnene i Osterøyhallen har inngått i treningane deira.

Hausten 2024 hadde Åse Bergheim og trenarane eit foreldremøte der dei tok opp medlems- og treningsavgift, samt informerte om viktigheten med å melde borna inn som medlemmer pga forsikringa. For 2024 fakturerte ikkje friidrettsgruppa for treningsavgift i denne aldergruppa, fordi me fekk midlar frå Stiftinga Ulfesnesøy. Me informerte også om rabattavtalen på Sport 1, samt litt praktisk om korleis me tenker rundt treningane. Det var godt oppmøte, omkring 20 foreldre var tilstades.

Det har ikkje vore organisert trening for denne aldersgruppa i Haus, men

friidrettsgruppa gjennomført SFO-friidrett i skuletida seks onsdagar våren 2024. Dette var for 1.-4. klasse. Bjarte Vik hadde ansvaret for opplegget. Både foreldre og ungar viser interesse for friidrett i bygda, og potensialet er stort viss ein klarar å skaffa trenarar til eit lokalt tilbod. Viss ikkje må ein gå sterkare inn for å få hausingane til å nytta seg av tilbodet på Hatland.

Ungdomsskulealder

Denne aldersgruppa har sesongen 2024 hatt treningar måndagar og onsdagar på Hatland med Helga Reigstad og Mats-Eirik Elvik som trenarar. I vinterhalvåret har onsdagstreningane vore i Leikvanghallen, og frå hausten av var det basistrening i idrettshallen fredagar. Nokre gutar i 2008 og 2009-årgangen har utgjort den faste stamma i treningsgruppa, men me har blitt færre i løpet av året. Det er ingen jenter med i gruppa.

Dei fleste utøvarane har vore med på konkurransar, mest på Osterøy, men og nokre stevner andre stader. Blant anna deltok Even Mathisen, Tord Sangholt, Sander H. Solberg og Benjamin Strand Blickfeldt på innendørs ungdoms-NM i Sandnes. Benjammin deltok også under UM på Bislett. Nokre av dei deltok også på KM på Fana stadion i august, og utøvarane har generelt vist god framgang i løpet av sesongen. I tillegg bidro gruppa med dugnadsinnsats under Brakvatnet halvmaraton.

Gutar og jenter 16-19 år

Når det gjeld kretsserien rykte gutelaget opp til elitedivisjon i Hordaland friidrettskrets før sesongen 2024. Gutane gjorde eei ein sterk prestasjon med 6. plass og 40 804 poeng på 55 resultat. Som tidlegare år er det resultat på hekk som manglar. Jentelaget vart som året før nr. 4 i 2. divisjon med 14 321 poeng på 28 teljande resultat. Eit mål for 2025 må vera å få utøvarane til å stilla i fleire øvingar, noko som vil sikra mange seriepoeng. I seriane er berre dei som er medlem og som har betalt lisens som er med. Her er det også ein del å henta viss fleire stevnedeltakarar blir medlemmer i laget eller får lisens.

Me har ikkje hatt nokon stor treningsleir som i vinterferien 2023, men nokre av dei beste var ei veke på Cran Canaria i januar og til Portugal i haust.

Vegard Høylo Trefall (f. 2006) var vårt sterkaste kort i denne aldersgruppa. Han er elev ved toppidrettslinja Tertnes vgs. Høgdepunktet kom på 800m under junior-NM i Bodø. Vegard tok teten frå start og leia i 798 meter. Det blei sølv med pers 1.52,86. Årsbeste på 400m vart 49,42. På 600m sprang han 1.20,98, kretsrekord i G18, og tredje beste tida gjennom tidene i U20-klassen i Hordaland. Vegard Høylo Trefall gjorde også ein fin figur på 800m i den nordiske juniorlandskampen i København. Han fekk 4. plass, 11 hundredelar bak bronse i eit lureløp. Dessverre var Vegard sjuk under UM på Bislett. Under NM i Sandnes sprang han bra i forsøket på 800m.

Dagfinn Gjerstad (f. 2006) har vore mykje plaga med sjukdom dei siste åra, men fekk to av sine få løp i sesongen under UM, m.a. med ein oppløftande 800m under 2 blank.

I UM stilte ogs Benjamin Strand Blichfeldt (60m og høgde) og vår mest allsidige og konkurransevillige guteutøvar Eirik Reigstad. Eirik var vår største poengsankar i guteserien og sette seks utandørspersar, m.a. 1,80 i høgde og 6,25 i lengde under Tyrvinglekene, og 11,82 på 100m på Hatland.

Junior U23 og senior

I serien rykte herrelaget ned frå 2. divisjon etter jamn kamp med m.a. Dimna og Haugesund. Laget kom på 12. plass av 14 lag med 16 577 poeng på 25 resultat. Kvinnelege utøvarar har vore ei mangelvare dei siste åra, og i 3. divisjon klarte me langt frå 20 baneresultat. Nora Bergan (f. 2004) er på U23-landslaget, men skadar gjorde at ho dessverre ikkje fekk ein skikkeleg konkurransesesong.

Som i dei siste åra var Trygve Feidje Mjelde (f. 1994) vår kvassaste mann i senioralder, sjølv om banesesongen ikkje vart like god som åra før. Beste baneløpet var 3000m på 8.10,67 i mai. Høgdepunktet kom under vårens NM terrengløp på Bjerke der Trygve tok NM-bronse. Han sette elles lagsrekord på 5 km gateløp med 14.54 på Stord. Ei noko trøblete oppkøyring med litt kjenning i eit kne og to rundar med sjukdom, gjer at det gjekk tungt undervegs i Hovud-NM i Sandes. Han vart nr. 14 av 43 løparar i tidenes desidert beste NM-felt på 5000m med tida 14.25,60.

Magnus Reigstad (f. 2003) er ein av våre mest hardtsatsande utøvarar og vart største poengskårar i serien. Han og trenar Arne Reigstad har sidan hausten 2022 samarbeidd med trenaren Frank Brissach i Trondheim. Besteresultatet i lengde kom med 6,77, som gav bronse i junior-NM i Bodø. Magnus har vore ein av våre sikraste medaljekandidatar opp gjennom åra og stod frå før med sølv i junior-NM i 2021, 2022 og 2023. Under Hovud-NM på Sandnes kom han til finalen og vart nr. 12.

Milslukaren Jonas (f. 1998) sprang under NM-kravet på 10 000 m med 31.55,33, men fekk ein skade i etterkant og måtte stå over NM. Han sette også solid pers på 3000 m til 8.46,9. Elles sprang Jonas ei rekkje gode gateløp, mellom anna persane 32.00 på 10 km og 1.09,53 på halvmaraton.

Markus Loftås har vore ute med ein lei kneskade nokre år, men gjorde eit fint comeback i 2024, mellom anna med 10 km (32.34) og halvmaraton (1.09,20), og utgjorde eit superlag på stafetten under Brakvatnet halvmaraton, saman med Trygve og Jonas.

Av mannlige seniorløparar kan ein også nemna treningsvillige Daniel Hansen Bruvik (f. 1996) med framgang på 5 og 10 km gateløp. Litt sjukdom og skade hindra full klaff på maraton og baneløp.

Me manglar gode kastresultat både på herre- og kvinnesida, så her bør Kjetil Stokke (f. 1991) henta fram att kastreidskapa.

Ved inngangen til 2025-sesongen har Osterøy IL åtte utøvarar med kontrakt. Dette er Trygve Feidje Mjelde, Jonas Lillejord, Magnus Reigstad, Nora Bergan, Dagfinn Gjerstad, Vegard Høylo Trefall, Markus Loftås og Ingrid Gaarder. I tillegg aspirerer Eirik Reigstad til kontrakt. Sjansen bør difor vera stor for ein rekordstor tropp til Hovud-NM på Askøy 1.-3. august.

Veteranar

I veteranserien vart kvinnene nr. 5 i 3. divisjon. Åtte resultat og 3263 poeng er ei dobling sidan i fjor. Med ny dobling i 2025, byrjar det å nærma seg noko! Bodil Hjellvik Askeland melde seg inn frå 1. januar og har alt markert seg i innandørssesongen. Også mannfolka bør mobilisera og delta på fleire banestevne og øvingar. Dei vart nr. 13 i 1. divisjon med 10 900 poeng på 20 resultat. 80-årsjubilanten John Bernes og Randi Kleppe vart største poengskårarar i serien.

Osterøy IL har tradisjonelt stilt sterke stafettlag, men heller ikkje i 2024 klarte ein heilt å mobilisera veteranane til stafettsesongen. I Fristafetten vart det 3. plass og Askstafetten 2. plass på menn veteran 35+.

Arne Mjelde var vår mann under Veteran-NM i Stjørdal. Her innkasserte den spreke 82-åringen tre NM-sølv i klasse 80-84 år, på 100m, 200m og 400m. Trond Einar Furuly frå Stålkamaratane, nyopprykka i klassen, viste seg for sterk og sikra seg alle tre gullmedaljane. Arne var også vår einaste deltakar i VM for master i Göteborg i august.

Det er spesielt lange løp som fengjer dei fleste veteranane våre. Team Batti har eit tilbod og miljø som mange trivst med, og det er relativt mange som legg ned solide treningsdosar. Desse deltek hovudsakleg på gateløp og i noko mindre grad på bane. Eit høgdepunkt var Drammen Halvmaraton med totalt ni deltakarar frå Osterøy. Fem herreveteranar kom under 1.20 og fleire persa. Elles må ein nemna «evigunge» Øyvind Bjordal som i sitt 52. år sprang Berlin Maraton på 2.41,35, halvannen minutt bak persan. Av kondisjonskvinnene utmerkar Ingri Mjelde Birkeland seg mest med fine 2. i Valencia Marathon 1. desember. Baard Raknes fekk rett over tre timar.

Vurderingar av aktivitet opp mot målsetjingar

Dei viktigaste målsetjingane til gruppa har dei siste åra vore ordna økonomi, å leggja til rette for aktivitet tilpassa den enkelte sine ambisjonar og aktivt bidra til folkehelse gjennom arrangement retta mot mosjonistar. Styret meiner ein på mange måtar har lukkast i å nå målsetjingane. Samstundes ligg det eit potensiale i å få til auka aktivitet på alle nivå og for alle alderstrinn.

Styret i Osterøy IL friidrettsgruppa vil takka aktive, trenarar, funksjonærar, sponsorar og alle andre som har stilt opp for gruppa i 2024.



Årsmelding for Osterøy Idrottslag – Fotballgruppa 2024

Styrets medlemmar

<i>Leiar:</i>	Herman Neu Beckstrøm
<i>Kasserar:</i>	Monica Vevle
<i>Styremedlemmar:</i>	Thomas Mosevoll (kvalitetsklubbansvarleg)
	Martin Aasheim (sportsleg leiar)
	Christian Vevle (ansvarleg anlegg)
	John Erik Jørgensen (ansvarleg sal- og sponsornemnd)
	Alberte Mjøs (referent)

Styret sitt arbeid

Fotballgruppa har halde 9 styremøte, og om lag 25 saker er handsama. Styret har i år vore særleg ungt, kor heile fire av medlemmene er under 25 år. Saman med dei øvrige, meir erfarne medlemmane, har dette vore ein samansetning som har fungert særst godt. I tillegg har styret jobba tett saman med sportsnemnda som har hatt god kontroll på den daglege aktiviteten. Her skal sportsleg leiar Martin Aasheim ha skryt for jobben han har gjort. Frå august av har fotballgruppa hatt hybride (både fysisk og digitalt) styremøter, grunna styreleiaren sine studiar i Tyskland. 2024 har vore eit år der oppfølging av eksisterande saker har vore i fokus. Særleg verd å nemna er følgjande saker:

Oppfølging av samarbeidsavtale med Fotlandsvåg IL

Samarbeidsavtalen med Fotlandsvåg IL trådde i kraft 01.01.2024, og det første året har naturlegvis vore prega av fleire utfordringar knytt til iverksetjinga. Byrjinga av 2024 var vesentleg kaldare enn «normalvinteren», og bana i Fugledalen kunne i store periodar ikkje brukast. Dette førte til at bana i Fotlandsvåg måtte nyttast i større grad enn først planlagt. I og med at samarbeidsavtalen akkurat var starta, førte dette til utfordringar knytt til informasjonsflyten frå styret og ut til trenarane, samt mellom styret i Osterøy og i Fotlandsvåg. Erfaringa frå i fjor har gjort oss betre førebudd om same utfordring oppstår i år. Andre utfordringar har vore knytt til ressurspersonar rundt laga, og dialogen kring spelarlogistikk i ungdoms- og seniorfotballen. Under evalueringsmøtet i januar 2025 vart likevel begge klubbar einige om at samarbeidet har fungert godt, og styrkar begge klubbar. Me ser fram til å vidareutvikla vårt sportslege og sosiale tilbod saman med Fotlandsvåg i 2025.

Oppfølging av utstyrsavtale med Unisport

Første halvår av 2024 har mykje handla om å få tak i riktige drakter og overtrekker i frå Unisport. Ei utfordring her har vore at det har kome feil trykk på både drakter og overtrekker i det dei vert sendt i frå trykkeriet til Unisport. Blant anna, så har sponsorar vorte sett på feil, og Fotlandsvåg-logoen har hamna alle plassar der den ikkje skal vere. Dette har i store trekk vorte ordna opp i, men me opplever framleis utfordringar med etterbestillingar kor trykket eller produktet som vert utlevert er feil. Mange opplever dette som frustrerende, noko som har gjort til at me har forenkla trykka våre og håper at dette no vert betre.

Bygging av ny fotballhall

Den kanskje mest engasjerande saka dette året, har vore bygging av ny fotballhall på grusplassen ved sidan av Osterøyhallen. Idéen vart planta av dagleg leiar, Tore Langeland, ved slutten av 2023, og har til slutt resultert i eit fullverdig prospekt for bygging av ein 5000m² hall med ein estimert kostnad på kr 50 000 000. Hallen består av ei innandørs 9-ar bane, ei firefelts-løpebane og ei lengdegrop, i tillegg til ein sosial del på 750m², bestående av garderobar, styrkerom og sosialrom m.m. Hovudstyret satt ned ei arbeidsgruppe, sterkt forankra i fotballgruppa, som i hovudsak har jobba med prosjektet. Dei har vore i fleire møter med HTB som seier seg villig til å prosjektere, i tillegg til eit møte med kommunen. Det som manglar er finansiering og godkjenning i frå kommunen. Arbeidsgruppa jobbar vidare med å fikse finansiering.

Andre saker verd å nemna

- *Samarbeid med Hausvik FK.* På jentesida i ungdomsfotballen, har me starta opp eit samarbeid med Hausvik FK. Jentene skal spele saman i serien, noko som gjer til at årsklassane vert større og tilbodet vert betre. Dette er særskjelt, og me håpar at det gode samarbeidet vil fortsetje.

- *Førebbyggjande arbeid.* Dei siste åra har ulovlege rusmiddel vorte ei større utfordring, både på Osterøy og i resten av landet. Saman med Osterøy industri-og næringslag og dei øvrige fotballklubbane på Osterøy, vart det arrangert temakveld i Osterøyhallen kor heile 600 møtte opp. Føredraget sat lys på ei viktig problemstilling, og me trur at idrett kan spele ei viktig rolle i å finne løysingar.

Forbetringspunkt for 2025

I tillegg til den vanlege drifta av fotballgruppa, set styret seg ut tre særleg viktige saker for styreåret 2025:

- *Dugnadsinntekter.* I 2024 har det ikkje vorte gjennomført noko inntektsgevande dugnad for fotballgruppa, då det tradisjonelle lotteriet vart bytta ut med eit planlagt Spond-lotteri. Det nye lotteriet skal gjennomførast i første halvdel av 2025.

- *Sportsplan.* I løpet av 2024 har fotballstyret starta arbeidet med revidering av sportsplanen. Store delar av arbeidet er ferdig, kor det har vorte arrangert møter med trenarar i frå barne-, ungdoms- og seniorfotballen. Det resterande arbeidet skulle vore ferdig i løpet av året, men stoppa opp i det styreleiareren reiste til Tyskland. Sportsnemda tek over ansvaret for sportsplanen. Kvalitetsklubbssertifiseringa vår stiller krav til at dette vert gjennomført før neste resertifisering.

- *Trenarforum.* I 2024 har det ikkje vorte gjennomført noko trenarforum. Dette er ein viktig samlingsplass for trenarar, både sportsleg og sosialt. Dei siste to åra har dette ikkje vorte arrangert, sjølv om det vert stilt krav om det gjennom kvalitetsklubb. Sportsnemda har vore i kontakt med kretsen, og dei er klare til å bidra. Sportsplanen bør vere ferdig før trenarforumet vert gjennomført.

Medlemsutvikling

Per 31.12.2024 viser medlemstala 301 betalande medlemmer. Dette er ei auke på 4 medlemmar frå inngongen på året. Talet på registrerte medlemmar er 365. Frå tabellen under kan ein sjå at den største auka kjem frå medlemmane i dei yngste og dei i alderen 20-25

Kjønn/Alder	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26≤	Total
Kvinner	38	37	9	13	97
Menn	71	62	25	46	204
Total	109	99	34	59	301
Endring frå 2023	7	-10	8	-1	4

Tabell 1: Tal på betalande medlemmar per 31.12.2024.

Det er kjekt å sjå at fotballgruppa i år igjen, har hatt ei auke i talet på medlemmar. Samstundes er det viktig å ha med seg at me er ei lita gruppe, og at talet på medlemmar vil variere frå år til år. Den største auka er blant våre mannlege medlemmar, medan det diverre har vore ei markant nedgang blant våre kvinnelege medlemmar i barne- og ungdomsfotballen. Det er vanskeleg å seie kva som er årsaka til dette. Det er likevel noko me som klubb må ha fokus på i det komande året. I ei tid der dei aller fleste fotballklubbar rapporterer om fråfall, er det kjekt at dette i liten grad gjeld Osterøy IL.

Sportsleg utvikling

I sesongen 2024 hadde Osterøy 18 registrerte lag. 3 av laga var i seniorfotballen, 5 av laga i ungdomsfotballen og heile 10 i barnefotballen. Dette er ei auke frå 2023.

Kjønn/Alder	Barn (6-12)	Ungdom (13-19)	Seniorfotball	Total
Menn	7	3	1	11
Kvinner	3	2	2	7
Totalt	10	5	3	18

Tabell 2: Påmeldte lag 2024

Dommararbeid

Dommararbeidet i fotballgruppa er for tida særst godt, og mykje på grunn av den iherdige jobben til Odd Hisdal. I år som i fjor, arrangerer han både dommarkurs og andre samankomstar for våre dommarar. Ved utgangen av 2024 hadde klubben 16 aktive klubbdommarar, ein rekruttdommar og to kretsdommarar. Framleis er det slik at det å rekruttera dommarar er ei utfordring for fotball-Noreg. Då er dette ekstra kjekk lesing for klubben vår. Det er òg kjekt at Martin Nessestrand Mjøs har vorte autorisert kurshaldar for kretsdommarar, i tillegg til at han dømmer på eit respektabelt høgt nivå. Eit viktig førebilete i eigen klubb. Me ser fram til at det gode dommararbeidet fortset i 2025.

Kvinner senior

For samarbeidslaget Osterøy/Arna-Bjørnar har 2024 sesongen vore plankekøyning. Laget vann 5. divisjon avdeling A med heile 16 singlar, 2 tap og heile 115 i positiv målforskjell! Laget var med det tidlig klar for opprykk til 4. divisjon. I tillegg til endring av divisjon, så vil 2025-sesongen ikkje innebere noko samarbeidslag, men eit reint Osterøy-lag i 4. divisjon. Heldigvis har store delar av Arna-Bjørnar spelarane frå vinnarlaget førre sesong meldt overgang til Osterøy. Det vert spennande å følgje laget i 2025.

Herrar senior

For herrar A-lag vart det ein jamn og tøff sesong i 4. divisjon avdeling 01. Laget enda til slutt på ein 6. plass, kor det var suverene Gneist som rykka opp. Frå 7. plassen og heilt opp til 2. plass var det berre 8 poeng som skilte laga. Eit lyspunkt var at Niklas Kollvangsnes Solberg enda på 18 mål, og dermed delt andreplass på toppscorarlista i divisjonen, saman med ringreven Kristoffer Bidne frå Voss. Me håper at Osterøy herrar A kjem sterkare tilbake neste sesong.

For herrar B-lag vart 2024-sesongen i 7. divisjon avdeling 02 ein kjekk oppleving, kor det heile vart krona med opprykk i siste seriekamp. Osterøy hamna a-poeng med Rosendal, men kapra

opptrykksplassen på målforskjell framfor Kjøkkelvik. Laget med den unge spelartroppen, og den ikkje fullt så unge, sportslege leiaren Martin Aasheim i spissen, er dermed klar for 6. divisjon i 2025. Dette vert spennande.

Økonomi

Trass manglande dugnadsinntekter, er den økonomiske stoda i fotballgruppa framleis god. Dette kjem i frå stødig og edrueleg økonomisk styring over fleire år. Her skal dagleg leiar, Tore Langeland ha skryt! I rekneskapsåret 2024 hadde fotballgruppa kr 2 200 000 i driftsinntekter, men enda på eit negativt driftsresultat på kr 128 000. Driftsresultatet skyldast manglande dugnadsinntekt og auka lånekostnadar, og det er god grunn til å tru at dette vil verte betre i 2025. Ny dugnadsinntekt er planlagt, og låneforpliktingane våre er fristilt i frå banken, og endra til eit internt lån utan renter. I tillegg vil fotballgruppa truleg verte tildelt spelemidlar på kr 2 800 000 i 2025, slik at heile låneforpliktinga kan fjernast. Med dei rette justeringane på plass, ser økonomien ut til å vere klar for ein ny og meir offensiv sesong i 2025.

For styret,

Herman Neu Beckstrøm

Leiar fotballgruppa